



FISKERIDIREKTORATET  
Region Vest

Ressursavdelingen  
Postboks 185 Sentrum  
Strandgaten 229  
5804 BERGEN

Sakshandsamar: Paul Jacob Helgesen  
Telefon: 48998383  
Seksjon: Region Vest kontrollseksjon  
Vår referanse: 09/10379  
Dykkar referanse: 09/8184  
Vår dato: 24.04.2009  
Dykkar dato: 07.04.2009

FISKERIDIREKTORATET	
ARKIV	40
06.04.2009	
SAK.NR.	2009 / 8184
DOK.NR.	

Att: Trond Ottemo

## FANGST AV ROGNHUMMER TIL BRUK SOM STAMDYR FOR OPPDRETT ELLER HAVBEITE SVAR PÅ HØYRING

Fiskeridirektoratet Region Vest er kjent med at aktørane innanfor oppdrett av hummar ikkje er etablert med eigne stamdyr, og såleis er avhengig av eit uttak av rognhummar for å etablere ei oppdrettsverksemd på hummar. Samstundes har det vore eit uttalt mål at det skal leggst til rette for oppdrett på hummar og havbeite av hummar. Utan tilgong på rognhummar vil dette vanskeleg la seg gjere. Såleis stiller regionen seg positiv til at det vert gjort unntak frå forbodet mot å fiske rognhummar, for å på denne måten legge til rette for ei vidare satsing på oppdretts- og havbeiteverksemd.

Regionen vil samstundes peike på at dette ikkje er uproblematisk i ei tid der det er stort fokus på oppbygging av den naturlige bestanden av hummar. Region Vest er difor klar på at det er ein avgjerande føresetnad at det kan dokumenterast at tilrettelegging for oppdrett- og havbeiteverksemd på hummar ved å tillate fangst av rognhummar, ikkje er i strid med måla om naturleg oppbygging av hummarbestanden.

Det vert i forslaget stilt vilkår om å sette ut igjen rognhummaren, og vidare vilkår om at det vert kompensert med å sette ut eit tilstrekkeleg tal hummaryngel. Likevel er det mange usikre faktorar i forhold til innverknaden dette vil ha på ei naturleg oppbygging av den ville bestanden. Ein vil difor i dette svaret på høyringa gå spesielt inn i desse vilkåra.

Regionen støttar forslaget om at det vert stilt vilkår om kompensasjon for tapet i reproduksjonspotensialet frå at det vert tatt ut rognhummer frå eit område. For å sikre at hummarbestanden ikkje vert skadelidande bør kravet til igjenutsetting ligge opp mot 10 % av produksjonen av levedyktig yngel. Dette talet kan og bør reduserast når ein kan dokumentere at eit lavare tal er tilstrekkeleg, enten på grunn av dokumentert høgare overleving etter utsetting, eller høgare overleving i produksjonsfasen.

Men for at det i det heile skal vere tilrådleg å sette ut hummaryngel i havet må det stillast vilkår til at ein kan dokumentere kvaliteten på hummaryngelen. I det ligger med anna at ein kan dokumentere at yngelen er stadeigen, at yngelen er frisk og ikkje berar av sjukdomar som kan råka den ville bestanden, og at yngelen totalt sett representerar ein akseptabel genetisk variasjon (ein tenkjer då på kravet i lov om havbeite i forhold til kravet til talet rognhummar).

Ein bør også ha eit system for å dokumentere kvar rognhummar er fanga. I forslaget til forskrift står det at "tillatelse kan kun gis når dette vurderes å være forsvarlig ut frå hummerbestandens situasjon i det aktuelle område". Dersom ein er i stand til å gjere ei slik vurdering, kan ein sjå for seg at ein då også kan stille krav til eit maksimalt tal rognhummar både innanfor og utanfor det aktuelle område for havbeite. Ein kan då vidare stille vilkår om talet stadeigne hummar som skal plasserast ut både innanfor og utanfor området. Dette kan verte naudsynt å halde kontroll med, då det vil vere ein stor fordel for den som har løyvet dersom rognhummar er registrert fiska innanfor området, sidan det vil føre til at utsettinga også skal skje her.

Miljøet for oppdrett av hummaryngel er lite og det er stort sannsyn for at oppdrettinga både til produksjon og til utsetting vil gå føre seg på få stadar, kanskje berre ein. Dette utgjør naturlegvis ein risiko i forhold til sjukdom og smitte som må takast på alvor i vurderinga av kva vilkår ein stiller til fangst av rognhummar og igjenutsetting av yngel.

Det vert i høyringa understreka at opninga for å fiske rognhummar er i forhold til "etablering" av oppdrett og havbeite. Dette står også i forslaget til forskrift. Ein ventar med andre ord at næringa på sikt skal vere sjølvforsynt med stamhummar. Når det gjeld oppdrett av produksjonshummar bør dette utan tvil vere ein føresetnad. Dette fordi ein her ikkje treng å ta omsyn til kvar hummaren kjem frå etter at ein har oppfylt krava om utsetting av stadeigen hummaryngel som kompensasjon for uttaket av rognhummar.


Men Region Vest stiller spørsmål til om ein ikkje her må gjere eit større skilje mellom rein oppdrett og havbeite i forhold til kravet om *etablering*. Ein tenkjer då på etablerte havbeiteområde som er i vanleg drift. For å betre sikre at den yngelen som vert satt ut er genetisk representativ med den lokale bestanden vil det kanskje vere ein fordel at også etablerte havbeiteverksemdar baserer utsettinga av ny yngel delvis/eller heilt på innsamling av lokal rognhummar.

Med helsing

For

Hans Haddal  
Regiondirektør

Roger Aasarmussen



Paul Jacob Helgesen  
Rådgjevar